

Stord, 10. juni 2026

## Innspel til ny rammeplan for lærarutdanningane

Institutt for kunstfag ved Høgskulen på Vestlandet vil nytte moglegheita som KD inviterer til med å kome med innspel til arbeidet med ny rammeplan for lærarutdanningane.

Institutt for kunstfag (IK) er basert i Bergen, Sogndal og Stord. Dei om lag 60 tilsette ved instituttet tilbyr ein brei portefølje av utdanningar til fleire hundre studentar.

Utdanningane består av bachelor, master, årskurs, og etter- og vidareutdanningstilbod innan kunst og handverk, drama, musikk, grunnskulelærarutdanning (1-7 og 5-10) og barnehagelærarutdanning.

Institutt for kunstfag består av høgt utdanna kunstfaglege medarbeidarar som er aktive i nasjonale og internasjonale forskingsaktivitetar. Dei arbeider og med innovasjon innanfor verksemdsområdet til instituttet, og formidling av både aktivitetar og resultat. Desse aktivitetane er integrerte både i utdanningane og i verksemda til dei tilsette. Institutt for kunstfag er dermed ei høgt kompetent drivkraft for utvikling av undervisningskompetanse i estetiske fag og læreprosessar og i kunstfagundervisning av høg kvalitet i norsk og internasjonal skule.

Institutt for kunstfag er sterkt uroa for at me nok ein gang skal få ein rammeplan for lærarutdanningane utan forplikting til å gje kompetanse i dei praktiske og estetiske faga – i fag og kunnskapsområde som alle barnehagar og grunnskular forpliktar seg til å formidle og undervise i kvar dag – i kvar kommune over heile landet.

Institutt for kunstfag meiner at følgande fakta som kjem fram i "Utredning av praktiske og estetiske fag i lærerutdanning"<sup>1</sup> tilseier at det ikkje kan vere opp til institusjonane å bestemme om dei skal tilby nokre, ingen eller alle fagval i praktiske og estetiske fag:

«Tall fra Lærerkompetanse i grunnskolen 2021/2022 (Arnesen m. fl., 2023) viser imidlertid at formell studiekompetanse i praktiske og estetiske fag er lav: 55 % av lærerne i mat og helse, 48 % i kunst og håndverk, 46 % i musikk og 43 % i kroppsøving mangler studiepoeng i faget de underviser i".<sup>2</sup>

---

<sup>1</sup> Fase 3: Felles rammeplan for lærerutdanningene – Arbeid med mer overordnet styring av lærerutdanningene - B) Underkapitler i felles rammeplan for lærerutdanning punkt 7 Praktiske og estetiske fag [Praktiske-og-estetiske-fag-Utredning.pdf](#)

<sup>2</sup> s. 12, Utredning av praktiske og estetiske fag i lærerutdanning

«Statistisk sentralbyrå (SSB) anslår at etterspørselen etter lærere i disse fagene vil overstige tilbudet fra 2024 og helt fram til 2060. Det nasjonale underskuddet er beregnet til rundt 500 årsverk innen dette fagområdet»<sup>3</sup>

«Dette innebærer at mange elever undervises av lærere uten faglig fordypning i sentrale praktisk estetiske fag, noe som kan svekke kvaliteten i opplæringen. Resultatene understreker behovet for at lærerutdanningene i større grad sikrer studiekompetanse i disse fagene.»<sup>4</sup>

Me tek utgangspunkt i at KD er kjend med denne utredninga av praktisk og estetiske fag i lærerutdanninga, forskingsrapportar og tilbakemeldingar frå elevar, føresette, lærarar, rektorar, samt tilbakemeldingar frå arbeids- og samfunnsliv – *om at barn og unge treng meir kompetanse i dei praktiske og estetiske faga og gjer krav på ein meir praktisk skule.*

Ei rekke strategidokument og stortingsmeldingar som er kome frå KD dei siste åra har òg hatt dette som ei satsing og føring<sup>5</sup>. ***For å få dette realisert og sett i kraft må ein sørge for betre rammevilkår for dei praktiske og estetiske faga i lærerutdanningane ved å gjeninnføre obligatoriske studiepoeng i praktiske og estetiske fag.***

***Institutt for kunstfag anbefaler på det sterkaste at alle grunnskulelærarstudentar gjennomfører minst 30 studiepoeng i eit praktisk eller estetisk fag, og at det innførast krav om 30 studiepoeng fagkompetanse for undervisning i desse faga òg på barnetrinnet.***

## **Institutt for kunstfag sine forslag til endringar:**

I underkapittel om lærerutdanning for trinn 1 – 4 grunnskule vil me understreke følgande kjernekompetanse:

- å skape og formidle estetiske opplevelser for elevene og legge til rette for kreativitet og undring i alle fag

For denne utdanninga er det òg i § 12-2 definert særlege vedtak om utdanninga sitt innhald. Her inngår mellom anna følgande krav:

- *Alle fag som tilsvare skolefag, skal omfatte fagdidaktikk og begynneropplæring*
- *Utdanningen skal inneholde minst 60 studiepoeng med profesjonsrettet pedagogikk og minst 30 studiepoeng i hvert av fagene norsk og matematikk*

---

<sup>3</sup> s. 5, Utredning av praktiske og estetiske fag i lærerutdanning

<sup>4</sup> s. 12, Utredning av praktiske og estetiske fag i lærerutdanning

<sup>5</sup> [Stortingsmelding 34 En mer praktisk skole](#) (2024)

**Institutt for kunstfag ønskjer her ei tilføyning til dette fag-kravet:**

- *Utdanninga skal innehalde minst 60 studiepoeng med profesjonsretta pedagogikk, minst 30 studiepoeng i kvart av faga norsk og matematikk, og minst 30 studiepoeng i eit praktisk eller estetisk fag.*

I underkapittel om lærarutdanning for trinn 5 – 7 grunnskule er det mellom anna definert følgande kjernekompetanse:

- å anvende praktiske, estetiske og varierte arbeidsformer, og elementer av lek for å styrke utforskning, motivasjon og mestring

For denne utdanninga er det i § 13-2 definert *Spesifikke reguleringer for utdanningen.*

Her inngår mellom anna følgande krav:

- *Alle fag i lærerutdanningen for trinn 5-7 som tilsvarer skolefag, skal omfatte fagdidaktikk.*
- *Lærerutdanning for trinn 5-7 skal inneholde minst 60 studiepoeng profesjonsrettet pedagogikk.*

**Institutt for kunstfag ønskjer følgande tilføyning:**

- *Lærerutdanning for trinn 5-7 skal innehalde minst 60 studiepoeng profesjonsretta pedagogikk, og minst 30 studiepoeng i eit praktisk eller estetisk fag.*

Institutt for kunstfag ber KD gjeninnføre krav om obligatoriske studiepoeng i praktiske og estetiske fag, med krav om minst 30 studiepoeng i eit av dei praktiske og estetiske faga i grunnskulelærarutdanningane. Dette for å møte barn og unge sin utvikling og veremåte og utdanne og danne heile menneske – samt sørge for å utvikle ein meir praktisk skule med praktiske arbeidsformer og estetiske læringsprosessar.

*Venleg helsing*

*Institutt for kunstfag, HVL*